



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato
25.06.2015
Dykkar dato
04.05.2015

Vår referanse
2014/3849 634
Dykkar referanse

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Tildelingsbrev våren 2015 - Radøy - Midlar til vidareutdanning for lærarar

ref.2170ils

Radøy kommune får utbetalt **kr 339 600,-** til kontonummer **3636 07 00776** på grunnlag av stadfesta studieplass for lærarar våren 2015.

Vi viser til brev frå Fylkesmannen i juni 2014: «Orientering om midlar til vidareutdanning for lærarar - Studieåret 2014 - 2015 - Kompetanse for kvalitet», og til informasjon om vidareutdanningsordninga på Utdanningsdirektoratet sine heimesider:

<http://www.udir.no/Utvikling/Etter-og-videreutdanning/>

Tildelinga gjeld	kr	prosjektnr.
Vikarmidlar og eventuell studieavgift	225 500	60260
Stipendmidlar og eventuelt studieavgift	100 000	60306
Arbeidsgjevaravgift for stipend	14 100	60306

Presisering ved utbetaling av stipendmidlar

- Skuleeigar skal ikkje betale stipendet ut til læraren før studiet er bekrefta gjennomført og bestått. Dersom midlar tilsvarande stipend allereie er utbetalt i skuleåret, må skuleeigar dekke utgiftene inntil studiet er bestått.
- Skuleeigar skal innan 1. august 2016 registrere i søknads- og oppfølgingssystemet at læraren har gjennomført og bestått studiet.
- Dersom ein lærar ikkje gjennomfører eller består studiet, kan skuleeigar søkje Fylkesmannen om å få behalde midlar som vart utbetalt ved oppstart. Skuleeigar blir då beden om å leggje fram dokumentasjon på at læraren har deltatt på studiet og oppfylt alle obligatoriske arbeidskrav.
- Utdanningsstipend er i utgangspunktet skattepliktig. Rettleiing om dette ligg på www.udir.no/videreutdanning
- Midlane kan trekkjast tilbake dersom ikkje vilkår for tildeling vert oppfylt.

Utdanningsdirektoratet kan kontrollere at midlane blir nytta etter føresetnadene, jf. § 10 i Bevilgningsreglementet. Riksrevisjonen kan krevje innsyn hos tilskotsmottakarane for å kontrollere at tilskotet blir nytta etter føresetnadene jf. § 12 tredje ledd i lov av 7. mai 2004 om Riksrevisjonen.

Helsing

Anne Kristin Hjermann
utdanningsdirektør

Ingunn Landro Sandset
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.